

Prop. 100 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap

*Tilråding fra Utanriksdepartementet av 26. mars 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Bakgrunn

EØS-komiteen vedtok 4. desember 2009 avgjerd nr. 157/2009 om å endre vedlegg XXII til EØS-avtala til å omfatte europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 om endring av rådsdirektiv 78/660/EØF og 83/349/EØF med omsyn til visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap.

Ettersom gjennomføringa i norsk rett krev lovendring, vart avgjerala i EØS-komiteen teken med atterhald om Stortinget sitt samtykke til godkjenning i samsvar med § 26 andre ledet i Grunnlova.

Avgjerala i EØS-komiteen og direktiv 2009/49/EU i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmore om direktivet

Føremålet med direktiv 2009/49/EU er å redusere dei administrative byrdene ved å gjere opplysnings-

krava enklare for små og mellomstore selskap som er omfatta av rekneskapsdirektivet (78/660/EØF) og konsernrekneskapsdirektivet (83/349/EØF).

Direktiv 2009/49/EU omfattar for dette føremålet følgjande endringar i rekneskapsdirektivet:

I dei tilfella der etableringskostnader kan handsamast som ein eigedel i balansen, skal kostnadene forklarast i notane, jf. artikkel 34 nr. 2. Små føretak kan få fritak frå dette kravet, jf. artikkel 44 nr. 2. I artikkel 1 i direktiv 2009/49/EU er det fastsett at også mellomstore selskap kan få fritak frå opplysningskravet i artikkel 34 nr. 2.

Det følgjer av gjeldande artikkel 43 nr. 1 punkt 8 at nettoomsetnaden til føretaket skal fordelast rekneskapsmessig på type verksemد og marknad. I medhald av gjeldande artikkel 44 nr. 1 kan små føretak få fritak frå opplysningskrava i artikkel 43 nr. 1 punkt 5)-12). I artikkel 1 i direktiv 2009/49/EU er det fastsett at også mellomstore selskap kan få fri-tak frå kravet i artikkel 43 nr. 1 punkt 8.

Direktiv 2009/49/EU omfattar vidare følgjande endringar i konsernrekneskapsdirektivet:

Konsernrekneskapsdirektivet inneholder krav om at eit morselskap skal utarbeide konsernrekneskap sjølv om den einaste dotterverksemda til selskapet eller alle dotterverksemduene samla, ikkje er av vesentleg storleik etter prinsippet om at rekneskapen skal gje eit rettvisande bilet, jf. artikkkel 16 nr. 3. Konsekvensen er at slike morselskap er omfatta av forordning 1606/2002, og dermed er plikta til å utarbeide konsernrekneskapar i samsvar med IFRS. Dette kravet vert rekna for å vere ein urimeleg byrde dersom morselskapet berre har dotterverksemder som ikkje er av vesentleg storleik. Endringa som følgjer av artikkkel 2 i direktiv 2009/49/EU medfører at eit morselskap skal få fritak frå kravet om å utarbeide konsernrekneskap dersom det ute-lukkande har dotterverksemder som ikkje vert rekna for å vere av vesentleg storleik, verken enkeltvis eller samla. Morselskapet kan på eige initiativ utarbeide konsernrekneskap.

3 Avgjerala i EØS-komiteen

I medhald av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 skal vedlegg XXII til EØS-avtala endrast.

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 inneholder ei innleiing og fire artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala og særleg artikkkel 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen. I artikkkel 1 er det slått fast at det i vedlegg XXII til EØS-avtala skal gjerast følgjande endringar:

I vedlegg XXII nr. 4 til avtala (fjerde rádsdirektiv 78/660/EØF) og nr. 6 (sjunde rádsdirektiv 83/349/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:

«– 32009 L 0049: Europaparlaments- og rádsdirektiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 (EUT L 164 av 26.6.2009, s. 42).»

I artikkkel 2 er det fastsett at teksta til direktiv 2009/49/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskap*, skal vere gyldig. I artikkkel 3 er det slått fast at avgjerala tek til å gjelde **5. desember 2009**, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala. I artikkkel 4 er det slått fast at avgjerala skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

4 Tilhøvet til norsk rett

Gjennomføring av EØS-reglar som svarar til direktivet krev endringar i rekneskapslova. Det er opp til medlemsstatane om dei vil tillate dei endringane i rekneskapsdirektivet som det vert opna for etter artikkkel 1 i direktiv 2009/49/EU. Unntaket frå artikkkel 34 nr. 2 vil ikkje vere aktuelt for Noreg sin del ettersom etableringskostnader ikkje kan aktiverast i balansen i medhald av norske selskapsrettslege reglar. Dersom unntaket frå artikkkel 43 nr. 1 punkt 8 skal gjennomførast i norsk rett, vil det måtte innførast ein kategori «mellomstore» føretak i rekneskapslova.

Vidare må konserndefinisjonen eller plikta til å legge fram konsernrekneskap etter rekneskapslova endrast dersom EØS-reglar som svarar til artikkkel 2 i direktiv 2009/49/EU, skal gjennomførast i norsk rett.

Finansdepartementet vil fremje ein proposisjon til Stortinget med dei lovendringane som er naudsynte.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Direktivet er ikkje venta å medføre vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege.

Endringa i konsernrekneskapsdirektivet er venta å kunne medføre ei viss letting av dei administrative byrdene til mellomstore føretak som vert fritekne frå kravet om å måtte utarbeide konsernrekneskap etter dei internasjonale rekneskapsstandardane.

6 Konklusjon og tilråding

Finansdepartementet rår til at Noreg godkjenner avgjerd nr. 157/2009 i EØS-komiteen av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 57/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EF av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EF av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EF av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap

I

Stortinget samtykkjer i godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EF av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap.

Vedlegg 1

EØS-Komiteens beslutning nr. [...] av [...] om endring av EØS-avtalens vedlegg XXII (Selskapsrett)

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkkel 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens vedlegg XXII er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. [...] av [...]¹
2. Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 om endring av rådsdirektiv 78/660/EØF og 83/349/EØF når det gjelder visse krav til offentliggjøring for små og mellomstore bedrifter og plikten til å føre konsoliderte regnskaper² skal innlemmes i avtalen –

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkkel 1

I avtalens vedlegg XXII nr. 4 (fjerde rådsdirektiv 78/660/EØF) og nr. 6 (sjunde rådsdirektiv 83/349/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:

«**32009 L 0049**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 (EUT L 164 av 26.6.2009, s. 42).»

Artikkkel 2

Teksten til direktiv 2009/49/EU på islandsk og norsk, som skal kunngjøres i EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*, skal gis gyldighet.

Artikkkel 3

Denne beslutning trer i kraft [...], forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkkel 103 nr. 1³.

Artikkkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

Utfordiget i Brussel, [...].

For EØS-komiteen

Formann

[...]

EØS-komiteens sekretærer

[...]

¹ Ennå ikke kunngjort.

² EUT L 164 av 26.6.2009, s. 42.

³ [Ingen forfatningsrettslige krav angitt.] [Forfatningsrettslige krav angitt.]

Vedlegg 2

**Europaparlements- og rådsdirektiv 2009/49/EU av 18. juni
2009 om endring av rådsdirektiv 78/660/EØF og 83/349/
EØF med hensyn til visse opplysningskrav for mellomstore
selskaper og plikten til å sette opp konsernregnskap**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN
EUROPEISKE UNION HAR –

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 44 nr. 1,
under henvisning til forslag fra Kommisjonen,
under henvisning til uttalelse fra Den europeiske økonomiske og sosiale komité¹ etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251² og
ut fra følgende betraktninger:

- I formannskapets konklusjoner fra møtet 8. og 9. mars 2007 understreket Det europeiske råd at det er viktig å minske den administrative byrden for å stimulere europeisk økonomi, særlig med tanke på de fordeler dette kan gi små og mellomstore selskaper. Det europeiske råd påpekte at det er nødvendig med en kraftig felles innsats fra både Den europeiske union og medlemsstatene for å minske den administrative byrden.
- Regnskap og revisjon er utpekt som områder der den administrative byrden for selskaper i Fellesskapet kan minskes.
- Kommisjonsmeldingen av 10. juli 2007 om et enklere forretningsklima på områdene regnskapsrett, regnskap og revisjon inneholder nødvendige endringer av fjerde rådsdirektiv 78/660/EØF av 25. juli 1978 om årsregnskapene for visse selskapsformer³ og sjuende rådsdirektiv 83/349/EØF av 13. juni 1983 om konsolideerde regnskaper⁴. Det er lagt særlig vekt på ytterligere å lette opplysningskravene for små og mellomstore selskaper.
- Det er tidligere gjort en rekke endringer for å gjøre det mulig for selskaper som omfattes av direktiv 78/660/EØF og 83/349/EØF å anven-

de regnskapsmetoder i samsvar med de internasjonale regnskapsstandardene (IFRS). I henhold til europaparlements- og rådsforordning (EF) nr. 1606/2002 av 19. juli 2002 om anvendelse av internasjonale regnskapsstandarder⁵ skal selskaper hvis verdipapirer er opptatt til notering på et regulert marked i en medlemsstat, utarbeide sitt konsernregnskap i samsvar med IFRS, og er derfor fritatt for å oppfylle de fleste kravene fastsatt i direktiv 78/660/EØF og 83/349/EØF. Nevnte direktiver utgjør imidlertid fortsatt grunnlaget for små og mellomstore selskapers regnskapsvirksomhet i Fellesskapet.

- Små og mellomstore selskaper er ofte underlagt de samme reglene som større selskaper, men deres særskilte regnskapsbehov har sjeldent blitt vurdert. Særlig det økende antall opplysningskrav skaper problemer for slike selskaper. Omfattende rapporteringskrav utgjør en økonomisk byrde og kan hindre effektiv bruk av kapital for produktive formål.
- Anvendelsen av forordning (EF) nr. 1606/2002 har også vist at det er behov for å klargjøre forholdet mellom regnskapsstandardene i direktiv 83/349/EØF og IFRS.
- Når stiftelseskostnader kan behandles som en eiendel i balansen, skal disse kostnadene i henhold til artikkel 34 nr. 2 i direktiv 78/660/EØF forklares i notene til regnskapet. Små selskaper kan fritas for opplysningskravet i samsvar med artikkel 44 nr. 2 inevnte direktiv. For å minske den unødvendige administrative byrden bør det også være mulig å frita mellomstore selskaper for nevnte opplysningskrav.
- I henhold til direktiv 83/349/EØF skal et morforetak utarbeide konsernregnskap selv om det eneste datterforetaket eller alle datterforetakene som helhet er av uvesentlig betydning i forhold til formålene nevnt i artikkel 16 nr. 3 inevnte direktiv. Følgelig omfattes nevnte foretak av forordning (EF) nr. 1606/2002 og er der-

¹ EUT C 77 av 31.3.2009, s. 37.

² Europaparlementsuttalelse av 18. desember 2008 (ennå ikke offentliggjort i EUT) og rådsbeslutning av 11. mai 2009.

³ EFT L 222 av 14.8.1978, s. 11.

⁴ EFT L 193 av 18.7.1983, s. 1.

Samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2009 av 4. desember 2009 om innlemming i EØS-avtala av direktiv 2009/49/EU av 18. juni 2009 om visse opplysningskrav for mellomstore selskap og plikta til å setje opp konsernrekneskap

for forpliktet til å utarbeide finansregnskap i samsvar med IFRS. Dette kravet anses som en byrde dersom morforetaket har bare datterforetak av uvesentlig betydning. Morforetak bør derfor være fritatt for plikten til å utarbeide et konsernregnskap og en konsolidert årsberetning dersom det har bare datterforetak uten vesentlig betydning, både hver for seg og som helhet. Selv om denne lovfestede plikten bør oppheves, bør et morforetak fortsatt ha mulighet til å utarbeide et konsernregnskap og en konsolidert årsberetning på eget initiativ.

9. Ettersom målet med dette direktiv, nemlig å minske den administrative byrden knyttet til visse opplysningskrav for små og mellomstore selskaper og plikten til å utarbeide konsernregnskap for visse selskaper i Fellesskapet, ikke kan nås i tilstrekkelig grad av medlemsstatene og derfor på grunn av tiltakets omfang og virkninger bedre kan nås på fellesskapsplan, kan Fellesskapet treffen tiltak i samsvar med nærhetsprinsippet som fastsatt i traktatens artikkel 5. I samsvar med forholdsmessighetsprinsippet fastsatt i nevnte artikkel går dette direktiv ikke lenger enn det som er nødvendig for å nå dette målet.
10. Direktiv 78/660/EØF og 83/349/EØF bør derfor endres.
11. I samsvar med nr. 34 i den tverrinstitusjonelle avtalen om bedre regelverksutforming⁵ oppfordres medlemsstatene til for eget formål og i Fellesskapets interesse å utarbeide og offentliggjøre egne tabeller, som så langt det er mulig viser sammenhengen mellom dette direktiv og innarbeidingstiltakene.

VEDTATT DETTE DIREKTIV:

Artikkelf 1

Endring av direktiv 78/660/EØF

Artikkelf 45 nr. 2 annet ledd første punktum i direktiv 78/660/EØF skal lyde:

«Medlemsstatene kan tillate at selskapene nevnt i artikkelf 27 uteholder opplysningene som kreves etter artikkelf 34 nr. 2 og artikkelf 43 nr. 1 punkt 8.»

Artikkelf 2

Endring av direktiv 83/349/EØF

I artikkelf 13 i direktiv 83/349/EØF innsettes følgende nummer:

«2a. Med forbehold for artikkelf 4 nr. 2 og artikkelf 5 og 6 skal morforetak som hører inn under den nasjonale lovgivning i en medlemsstat, og som har bare datterforetak som er av uvesentlig betydning i forhold til målene nevnt i artikkelf 16 nr. 3, både hver for seg og som helhet, fritas for plikten fastsatt i artikkelf 1 nr. 1.»

Artikkelf 3

Innarbeiding i nasjonal lovgivning

1. Medlemsstatene skal innen 1. januar 2011 sette i kraft de lover og forskrifter som er nødvendige for å etterkomme dette direktivet. De skal umiddelbart underrette Kommisjonen om dette.

Disse bestemmelsene skal, når de vedtas av medlemsstatene, inneholde en henvisning til dette direktiv, eller det skal vises til direktivet når de kunngjøres. Nærmore regler for henvisningen fastsettes av medlemsstatene.

2. Medlemsstatene skal oversende Kommisjonen teksten til de viktigste internrettslige bestemmelser som blir vedtatt på det området dette direktivet omhandler.

Artikkelf 4

Ikrafttredelse

Dette direktivet trer i kraft den 20. dag etter at det er kunngjort i *Den europeiske unions tidende*.

Artikkelf 5

Adressater

Dette direktivet er rettet til medlemsstatene.

Utferdiget i Brussel, 18. juni 2009.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

Formann

For Rådet

Š. FÜLE

Formann

⁵ EFT L 243 av 11.9.2002, s. 1.

⁶ EUT C 321 av 31.12.2003, s. 1.

